


HOLM GANG



Oktober 1973 Nr. 3 Nytt frå Bondeungdomslaget i Stavanger

1. årgang

HAUST

No rullar havet svært mot land
med skum om skavlande rygger
og bryt seg sprengd mot øydestrand,
der berre vindtroll byggjer.
Og stormen skrik i ville gru,
der yve djup han jagar
med røk og føk om rév og flu
i desse haustmørke dagar.

Og jordi skjelv i havsens marm,
der bleik ho frys i sitt snøye;
det folnar bø og det kolnar barm;
det vert i verdi øyde.
Den siste grågås strauk mot sud;
tungt under sky ho kava;
alt liv i hie og vinterbu
vil ned og bort seg grava.

Eg høyrer den villande skræmesong
av møy som brimhesten rider;
ho kvad og galdra so mang ein gong
mot naud og nedgangs tider.
Det gjeng som sorg, det gjeng som spott,
det gjeng om vå og vande;
det er den skræmande vildrelått
som skræmer liv av lande.

Lauvsblokka rustar i livde lund
og ryk av sinom kviste;
det var so syrgjeleg stutt ei stund,
til ho sitt ynde miste.
På vollen blømde blommar små;
so sælt mot soli nøyde;
no er der ingen meir å sjå.
Dei folna bort og døyde.

Arne Garborg

Gode lagslem.

Velkomen til ny dyst. No når du les dette, har lagsaktiviteten alt starta opp for fullt, og nye oppgåver ligg og ventar på oss.

Som de sikkert alt har merka, så har denne vesle "avisa" fått nytt andlet. Eg vonar at de tykkjer dette namnet er meir dekkande. Lat det og vere ei påminning om at me held til i Holmegata, og at me ønskjer å sjå deg der på lagsmøta våre i vinter. Desse er som du veit kvar onsdag. Dessutan: Lat avisa verta ein holmgangsplass med pennen som våpen. Sei di meining.

Vedlagt vil du finne nokre eksemplar av programfaldaren for laget fram til årsmøtet. Ta vare på ein, og spreid dei andre mellom vener og kjende. Vil de ha fleire, så berre ta kontakt med meg eller ein annan av styret. Me har trykt opp mange eksemplar, så me har fått god spreiding av han rundt i byen. Når no alle medlemene og har fått han tilsendt, tykkjer me at me kan innskrenke litt på annonseringa i Stavanger Aftenblad for lagsmøta. Dermed sparer me og ein god del pengar. Difor bed eg at de tek godt vare på denne faldaren, slik at de til ei kvar tid veit kva som skal gå føre seg i laget. Med få unnatak er det lagsmøte kvar onsdag, og skulle det koma endringar i dette opplegget, vil det sjølvstøtt verta kungjort.

I referatet som Torolv Vandvik har frå årsmøtet og stemna til NU, tykkjer han at det var skuffande at laget vårt ikkje hadde fleire aktive lagsfolk som utsendingar. Det burde ikkje vera slik alt medan me har eit medlemstal på mest 300. Likevel hadde dei som var att i Stavanger av lagsstyret i sommar store vanskar med å få folk til å reisa. Enno verre vart det med utsendingar til årsmøtet i Noregs Mållag. Her var det ingen som reiste. Dette på trass av at fleire som ein hadde rekna som gode lagsfolk hadde sagt seg viljuge til å reisa, men trekte dette tilbake i siste minutt. Av denne grunn er det ikkje noko referat frå dette årsmøtet med her. Eg vonar likevel at dei som er interreserte, har lese referat i særutgåva av Norsk tidend.

Eg vil og få minna om loddsalet. Me har i alt 6.500 lodd som skal seljast. Dette er vår kvote av det Rogaland Ungdomslag fekk tilsendt, og tilsvarar omlag 25 lodd pr. medlem. Det er ikkje returrett på lodda i år, så uselde lodd må laget kjøpe, men dersom alle medlemmer sel sin kvote på 25 lodd slepp me den utgifta. I staden har laget då ei inntekt på kr. 5.200,-. Dette er pengar som me sårt treng. Difor bed eg alle: Gjer di plikt som medlem og sel minst 25 lodd. Send difor snarast tinging til loddkomiteen eller til underteikna.

Så vonar eg at alle medlemmer går inn for dei oppgåvene styret set dei til i vinter. Me vil så godt me maktar spreie desse på flest mogleg av medlemene, slik at det ikkje vert dei same som går att heile tida. De må hugse på at vil ikkje alle vera med på å dra lasset, kan resultatet verta det at laget sovnar inn. Då er det for seint. Gå difor på med krum hals, og gjer ditt beste og litt til. Lukke til.

Audun Barflot.

Her vil de finna dei som styret har sett opp som ansvarleg nemnd for lagsmøta og festane i haust. Med ansvarleg nemnd meiner me at desse skal ta seg av opplegget til lagsmøtet/festen. Desse skal planlegge og legge alt til rette, men dei har og fullt mynde til å peika ut hjelparar mellom dei andre medlemene. Me vil då tilrå at nemnda tek med seg nokre av dei nye medlemene, slik at desse snarast vil føle seg heime i laget.

Til alle medlemer: De har sikkert eitt eller anna som de vil ha sagt både om eit og hitt i laget. Kvifor ikkje gjera det i "Bondeguten", det handskrivne bladet vårt? Send innlegg anten til lagskontoret eller direkte til den nemnda som har lagsmøtet den kvelden du ønskjer innlegget inn i bladet.

Så over til nemndene:

- | | |
|--------------------------------------|--|
| 12. 9. Sommarminne. | Lagsstyret. |
| 22. 9. Årsfest. | Lags- og lagsbruksstyret. |
| 3.10. Rogalandskveld. | Olga Molaug, Einar Molaug, Bodil Orstad, Njål Tjeldtveit, Marta Steinnes, Egil Selvik. |
| 10.10. Oppgaver i vinter. | Ottar Vandvik, Gjeruld Johansen, Kirsten Egeland, Mette B. Larsen, |
| 17.10. Lagsmøte | Barnelaget |
| 24.10. FN-kveld | Jostein Sætevik, Arvid Stavland, Vigdis Svendsen Byrkja, Eldbjørg Nesse. |
| 1.12. Me gjestar Jæren Folkehøgskule | Åse Dyvik, Petter Marken, Tor Magne Egeland. |
| 7.11. Kulturkveld | Arne Molaug, Clara Molaug, Hildur Varhaug, Magnus Hope, |
| 14.11. For dei leika- | Leikarringen. |
| 21.11. Korleis var BUL før? | Endre Brigtsen, Steinar Hinna, Einar Stensø, Karina Foss, Daghild Haavrds-holm, |
| 24.11. Gutafest | |
| 28.11. Bokkveld | |
| 5.12. Gubbetreff? | Gubbelaget. |
| 12.12. Førjulsstemning | |
| 5. 1. Juletrefest | |

Så vonar me at alle gjer sitt beste, og at lagsmøta og festane både kan verta givande og underhaldande. Lukke til

Helsing styret.

SISTE NYTT.

Til bokkvelden kjem forlagssjef Andreas Skartveit til oss. Dette er ein som ikkje skulle trenge nermare presentasjon, og me vonar at mange finn vegen til BUL denne kvelden. Turen til Jæren folkehøgskule er flytta frå 3.11. til 1. 12.

D E N N E G A T I V E L O V .

(Ti effektive måtar å øydelegge eit lag på.)

1. Kom ikkje til møta.
2. Om du kjem, så kom før seint.
3. Dersom veret ikkje høver for deg, så tenk ikkje på å koma.
4. Er du på eit møte, så kritiser leiinga og det medlemene gjer.
5. Ta ikkje på deg oppgåver - det er mykje lettare å kritisera det dei andre gjer enn å gjera det sjølv.
6. Føl deg såra om du ikkje vert vald i ei nemnd, og vert du vald så kom ikkje på nemndmøta.
7. Spør nemndformannen om di meining i ei viktig sak, så sei at duveit ikkje, men - snakk med dei andre etter møtet om korleis det burde vore gjort.
8. Gjer ikkje meir enn det du er heilt nøydd til. Når dei andre medlemene er klare til handling og er viljuge til å gjera alt, rop då ut at laget er leia av ein klikk.
9. Vent så lenge som råd er med å betala lagspengane, eller la vera å betala i det heile.
10. Bry deg ikkje med å skaffa nye medlemmer, overlatt det til andre.

====88888====

B O N D E U N G D O M S L A G E T

TIL TOPPS I ROGALAND I KUNNSKAPSTEVLINGA "KVEN VEIT"

Også i år skipa Noregs Ungdomslag til tevlinga "Kven veit". Bondeungdomslaget stilte med to lag. Totalt var det 143 lag som fullførte tevlinga som gjekk over 3 søndagskveldar. Sett på landsbasis kom lag A til BUL Stavanger på ein delt 36. plass med 66,5 poeng av 90 oppnåelege.

Dei tre beste på landsbasis var:

1. Rosendal Ul.	Hordaland	87,5 poeng
2. Brekka Ul., lag B,	Aust-Agder	82,0 poeng
3. Ul. Frihug,	Romsdal	81,5 poeng

For Rogaland vart resultatet slik:

1. BUL	lag A	66,5 poeng
2. Sauda Ul.,	lag B	56,0 poeng
3. BUL,	lag B	51,0 poeng
4. Sauda Ul.,	lag C	41,0 poeng
5. Sauda Ul.,	lag A	38,0 poeng
6. Førre fril. Ul.,	lag B	37,0 poeng
7. Sauda Ul.,	lag D	36,0 poeng
8. Førre fril. Ul.,	lag A	18,0 poeng

Me vonar at laget vårt kan stille med minst like mange lag ved neste tevling. Kanhende greier me då å klive litt lenger opp på poengstigen?

GLIMT OG GLØTT FRÅ I SOMMAR
=====

Med Barnelaget til Jølster.

Torsdag 21. juni la nattrutta "Kronprinsesse Märtha" ut fjorden med 32 born og 5 vaksen frå BUL ombord. Barnelaget var på veg til landsdelsstemna i Jølster. To faste leiarar, Berny Nilberg og Eli Olsen var med forutan tre mødre, Solveig Wixøe, Gunnvor Waaland og Kari Ims. To jenter skulle møta oss på stemneplassen så me vart i alt 34. Mange hender vinka både frå kai og båt i det fine veret. Sjøen låg som ein spegel, og det var mange ting som skulle granskast ombord, så det vart ikkje ro i "leiren" før me hadde sett korleis Koparvik såg ut "by night". Lugarane var kvelande varme, og med to born i kvar køy vart det lita eller inga soving den natta. I Bergen vart det ein fin spasertur rundt kaien til sognebåten "Kommandøren" som skulle ta oss vidare. På den båten var der ein flokk born som hadde kome før oss, og med viftande øyrer gjekk me rundt og oppdaga snart at det var barneleikarringen frå Ervingen som og skulle til Jølster. Då var det ikkje lenge før dansen var i full gang, og songen ljoma så alle turistane kom og var med på allsong. I Rysjedalsvika sto to bus-sar klar, og med jubel og song for me fram over berg og dal, og kl 17 var me framme på nyeskulen i Jølster. Der fekk me vita at det var påmeldt 160 born frå 8 lag, og at me tilliks med i fjor var den største gruppa.

Fyrste kvelden var det born frå Jølster som underheldt. Me stirde med stive augo, for me hadde fått vita at laurdag, på sjølve jonsokkvelden, skulle me i elden med vårt program. Den store susen vart det ikkje på festen fyrste kvelden, men det var fordi borna ikkje var skikkeleg kjende med kvarandre enno. Laurdag føremiddag var det fellesøving, og onkel Jens leia innmarsjen og dansen så det skulle gå rett føre seg. Ikkje alle kunne alle samdansane, og nokre hadde beint gløymt dei ut att i alt maset, men onkel Jens ordna alt til det beste, og alle fekk vera med. For som han sa: "Her er det borna som skal ha det gildt".

Jonsokkvelden starta med fest i samfunnshuset. Nervane var spente til det ytterste, for no sto Barnelaget i BUL Stavanger for programmet pluss nokre innslag frå andre lag. Med dramatisering av Tornerose, Øyvind og bukken, ein doktersketsj og knallsuksessen "Hole i himmelen" av Ajax til slutt, gjekk programmet vårt knirkefritt. I alle høve når ein såg det frå salen. At programmet var godt kunne me høyra på trampeklappinga. Etter at programmet var slutt, gjekk alle ut. Der kom jammen eit lite brudepar køyrande i ei stolkje, og med ein spelemann bakpå. No vart det dans og leik, og brudeparet var sjølvstøtt med. Då det leid på, gjekk alle opp til idrettsplassen. Der var det laga til eit stort bål og 8 småbål. Så fekk alle to pølser og ein lang pinne, og det vart sot og grilling, og svidde pølser og fingrar. Det vart dansa ute og inne til kl 24:00. Brått var det ingen som var det minste trøytt, men det skulle vera ro kl 0:30, og det gjekk NESTEN. Det var berre det at jentene våre var blitt ganske vaksne, og så var det svært mange gilde gutar på stemna i år.

Sundag var det barnegudsteneste i Helgheim kyrkje. 4 jenter sto og heldt flaggeframme i koret under heile gudstenesten, to og to. Den eine var frå vårt lag. Seinare var det stemnetog rundt bygda og opp på skuleplassen. Mykje folk fylgde med, og det var stil

over stemna, med helsingar frå den eine og den andre. Mellom anna frå landsdelstemnari Valdres der dei var 612 born. Etter samdansane var det vår tur til å ha framsyning. Den eldste gruppa dansa Ung Åslaug, Ola Glomstulen, allemannsmarsj og med hjelp av to små leiarar fekk me og til 4-tur. Programmet var større, men då spelemannen ikkje kunne det same som oss, måtte me korta inn på noko. Dessutan var det så varmt at me ikkje orka meir. På festen denne siste kvelden var det Strand barnelag med Bjørg Foss i spissen som underheldt. Dei hadde både dans og sketsjar frå scena. Fyllingsdalen hadde dramatisert Fjellveivisa. Etter mykje strev fekk me tak i ein spelemann som kunne spela snuspolka, og i ein pause i dansen dansa dei yngste av våre snuspolka med alle turane, jamvel den siste, og det har aldri hendt før. Stemninga sto i taket, og songdansane ville ikkje ta slutt. Alle versa på alle dansane, 12 på Gubben og gamla.

Måndag vinka me til dei som for heim att, og sjølv vart me att på stemneplassen til kl 15:30 saman med Fyllingsdalen. Dans, leik og adressebyting fylde tida. Då me kom til Førde var det ein halv times stans, og der sto Ervingen og venta. Så vart det dansa til bussen gjekk til Lavik. Vestamaranen skulle korrespondere med nattrutta heim att, men han var ein time forseinka. Så var det telefon til natrutta om å venta, og bod til passasjerane om å sitja i ro på fyrste stopp. All bagagen vår måtte skiljast ut. Ein av offiserane ordna dette for oss med eit etort smil. Medan dette gjekk føre seg, song born frå Stavanger og Fyllingsdalen livlege songar dei hadde lært på stemna. Ein turist spurde om dei ville syngje "Ja, vi elsker - ", og rake i ryggen og med strålende andlet song dei så tårene måtte turkast hjå norskamerikanarane. Båten la til kai nett bak natrutta, slik at berre me fekk gå på land, og då var det berre 20 min. for sein avgang frå Bergen. Det var nokre trøytte men smilande born og leiarar som skildest på kaia i Stavanger tysdags morgon. Ein forstuva fot og nokre gnagsår var einaste uhell me hadde. No gled me oss alle til lands-stemna på Innerøya neste år.

Eli Olsen

B A R N E L A G E T

treng fleire hjelparar innan området dramatisering, mime o.l. Frå i haust vert det delt i tre grupper.

At du har lyst og vilje til å vera med er alt som krevst.

Stikk innom øvingane våre tysdag mellom

kl 18:00 og 20:00

Noregs Ungdomslag-

Landsstemna og årsmøtet i Kvinnherad 28. juni til 1. juli 1973

Det var ikkje mindre enn fire ungdomslag saman med fylkeslaget i Hordaland som sto føre tilskipinga av landsstemna og årsmøtet til Noregs Ungdomslag.

Det var Husnes, Uskedalen, Omvikdalen og Rosendal ungdomslag.

Ein skulle tru at når tilskipinga vart spreidd på ein slik måte ville "stemnesusen" fara vekk med vind og vegar. Men takk vere eit godt samarbeid mellom desse laga blei det eit vellukka stemne frå først til sist.

Årsmøtet vart halde i Husnes. Elles vart dei ymse tilskipingane spreidda med "visleg hand" over desse fire bygdene, og ein fekk inntrykk av at alle gjorde sitt beste for trivnaden.vår.

Rett nok kunne det verta mykje køyring frå stad til stad på smale humpete hordalandsvegar, men me kom oss fram dit me skulle både natt og dag med helse og "heile hestar".

Til årsmøtet møtte omlag 300 utsendingar, og det er gledeleg at dei yngste lagsfolka er meir "frampå" enn tidlegare. Og det friske liv og den nye giv i arbeidet vårt - som dei fører med seg - gledar ein "gamal travar" som meg.

Skuffande var det at vårt eige lag i Stavanger ikkje greidde å stabla på beina nok aktive folk som utsendingar. Nils K. Nersten var den einaste "rettferdige". Me andre, Margot og eg, var med på "papiret", men om me ikkje har høve til aktivt arbeid i laget vårt, så får me vone at me fører med oss noko av nøringa til ungdomen her i garden, som er Ryfylke folkehøgskule.

Nøring mangla det ikkje på, særleg då for den åndelege hungeren. Det byrja onsdagskvelden med mottakingsfest i Husnes Samfunnshus. Og etter ei festleg opning av årsmøtet same staden torsdag kl. 10:00 gjekk det slag i slag veka til ende med årsmøte om dagane, kvelds- og natt-teater både her og der, ute som inne, amatørmonstring, leik og dans under måne og morgonsol, turar på fjord og til fjells osv.

Laurdag kl. 18:00 gjekk bunadstoget gjennom Rosendal til Baroniet der det var hagefest med mellomalderdåm.

Hovudstemna var i Uskedalen, og både stemnegudsteneste og storstemnet vart halde i Guds frie natur i eit strålande ver.

Det mest gripande var å få oppleve på ny ei stemnegudsteneste ved biskop Juvkam - slik som me gjorde det då stemna var på Gol. Reprise på ei ugløymande oppleving.

Å skrive noko om det som gjekk føre seg på årsmøtet vil føre for langt her. Dette vil ein og få referat frå gjennom Norsk Ungdom, så det skal eg spare lesaren for. Men det eg ikkje har hug å spare deg for, gode lagslem, er kr. 15,- til Norsk Ungdom. Det gjev "olje på lampa" med betre utbytte enn nokon oljeaksje kan gje. Så ting Noregs Ungdomslag sitt lagsblad Norsk Ungdom!

Elles honnør til formannen vår, Audun Aarflot for det gode tiltaket med meldingsblad for Bondeungdomslaget. Lukke til med tiltaket.

Ha det godt alle saman!

Beste helsing

Toralv Vandvik

Minneverdige netter i Kvinnherad.

Etter ein lang biltur saman med BUL-Kristiansand, nådde me Husnes i halv åtte-tida onsdag kveld. Tidsnok til velkomst-festen. I endelause rekkkjer steig trauste menn og kvinner fram og ynskte oss velkomne. Alle sa det dei skulle seia, og me klappa og klappa. Då tilskiparane endeleg var visse på at me kjende oss velkomne, blei salen rydda, og den meir personlege stemnestarten kunne ta til: 1. gamaldans, og delvis samtidig - 2. avsjøking etter kjensfolk.

Fleire Uheldige omstende, ikkje minst kollisjon med Landskappleiken, førde til at mange store stemne- og stemningsmenneske ikkje var å finne på Husnes. Dette gjeld sjølvstagspelemennene. Det er stusseleg å sakne hardingfela på ei stemne. Men det gjeld og stordansaren personleg, Åge Hernes, og humørspreiarar som Geir Larsen og Kirsten Bråten. Ein slik stemnekollisjon må me i framtida gjere alt for å unngå.
 - (Dette er vel NU-styret samd i, Ottar?)
 - Men du verden, kjensfolk var der, og gildt blei det. Natta gjekk med til dette. Litt svevn frampå morgonen, - knapt nemnande.

Årsmøtet - huff ja. Kor mange utsendingar? Omlag halvparten, tenkjer eg, av ca. 300. Nokre kom, og nokre gjekk, få sov i salen. Utpå torsdagen blei me delt opp i grupper, og det var greidt. Det er mykje lettare å vera usamde i ei lita gruppe, det trur eg alle var samde om. Til slutt var det gruppemøte for fylkeslaga. Då Ottar og Marta Jorun hadde kranjala frå seg, var gruppemøtet slutt.

Fredags morgonen var årsmøtet fastsett til kl 09:00. Dermed blei det uråd å få tid til å sova. Utover føremiddagen fall ein inn i tankar: "Kan BUL og NU ha noko gagn av at eg sit her og halvsøv? Til og med stortingsmenn går i kafeen". Altså stiltra ein seg ut og tok ein sveiv bortom butikksenteret. For ti kroner kunne ein få fem nellikar. Ingen vil tru kor glade dei to trønderjentene - Ingalill og Siri - blei for blomane, og kor mykje kaffi dei koka. Ei av dei beste investeringar ein har gjort. (På kafeen kosta ein kopp tynn kaffi kr. 1,75)

Laurdagsmorgonen, ved frukostbordet i Nidaros-tunet, blei underskrivne utsett for harde, fordømande skuldingar. Det blei sagt at han skulle ha skulda for at 30 - 40 glade menneske dansa og song til klokka halv åtte om morgonen. Dette var sjølvstags ei veldig overdriving, men tenk så gildt om det hadde vore sant - at ein faktisk hadde vore ein slik miljøskapar.

Årsmøtet blei rimeleg vis opplevd delvis på fråstand. To farlege framlegg låg føre: Eitt ville gjera NU meir nynorsk enn Noregs Mållag, eit anna ville flytte stemnetidspunktet. Etter pålitelege stemningsrapportar frå ordskiftet viste det seg unødvendig å vere med å røyste ned desse framlegga.

Knut Jacobsen frå Hattfjelldal vart vald inn i styret. Han er ein bra kar, sjølv om underskrivne trur at fru Jacobsen, Solveig, hadde vore enno betre avløyser for Svein Kongsjord. Men å koma med benkeforslag utan å ha sondert terrenget på førehand.....

Strandhogg i Finland.

Leikarringen til åaget vårt var i sommar på ferd til Finland. Der var det i år den nordiske folkedansstemna avvikla. Desutan var ringen vår, via Noregs Ungdomslag, innbedne til ein vekes rundtur i Finland etter stemna. Ein ugløymande tur på så mange måtar for dei som reiste, og varige venskapsband vart knytte.

Det vart på denne turen teke opp mykje film og biletstoff. Dette vil saman med eit fyldigare referat bli lagt fram for dei som måtte vere interesserte på eit lagsmøte no i haust. Her skal det berre nemnast kvifor dette blei ein sær sars vellukka tur:

Mykje kan takkast Vår Herre som gav oss så rikt og fint ver. Me blei sparde for kvar dråpen under heile turen, men blei desto meir velsigna med slike då me kom heim att. Mykje kan og takkast våre finske vener som synte ein så gild og ven gjestfri-dom. Kor me kom, vart me godt møttekne. Maten blei ofte span-dert oss på fine resturantar. Ved innkvarteringa hjå private medlemmer av den finske danse-organisasjonen vart det utan unna-tak gjordt stor stas på oss. Ein plass t.d. flytta vertskapet ut av sin eigen kjære dobbelseng og gjorde plass for to rekande fantar frå Stavanger, medan dei sjølve låg inne på stovegolvet. Mest takk kan me likevel gje til oss sjøl. Samhaldet og ven-skapen innan gjengen kunne neppe vore betre enn det var. Sang-stemmen og dansen blei godt trimma undervegs, slik at framsyn-ingane - ca. 12-15, offentlege og fleire meir private - vart sær sars vellukka, og sjølv sagt godt leia av Berit Selvik. Gode spelemenn og gilde reisevener var Hansen og Sagevik. Begge hadde konene med. Det var tydeleg å merkje at "Gubbspelmanen Hansen" og "Pojkespelmanen Sagevik" gjorde inntrykk på folk som hadde greie på spelekunster, både under Nordleik-stemnet og der me ellers for fram. Dei gav dessutan sine konsertar under buss-køyringa. Når det elles gjeld framsyningane kan ein nemne at Knut Blikberg frå Voss gjorde stor lukke med sin hallingdans, Torun Myhra med kulokk og Terje og Mette med gamle folkeviser. Av songdansane hadde ein føling av at serskildt sverddansen og Ung Åslaug var populære. Den siste vart sunge fleirstemt og klang sær bra.

Gode sjåførar var Olav Grevskott og Eimund Steinnes. Kasserar for turen var Berit Blikra Egeland og reiseleiar Tor M. Egeland.

Tor M. Egeland

====mmmmmmmmmm=====

MEMLEMER

vil de vita meir om NU
så ting

N O R S K U N G D O M .

Bladet kjem ut ein gong for månaden, og kostar kr. 15,-
Vend dykk til ein av styret, eller enno betre direkte
til NORSK UNGDOM, Kr. Augustsgt. 14, Oslo 1. tlf. 203002
Postgirokonto nr. 1 32 83.

Sidan siste nummer av meldingsbladet, har laget og hatt vitjing. Dei første var her tidleg i vår. Som de sikkert hugsa, så var finalen i konkurransen mellom nordiske ungdomskor her i Stavanger. Gjennom Foreningen Norden si lokalavdeling her i Stavanger fekk me spurnad om me kunne laga til ein hyggekveld for det islandske koret. Sjølv om fristen ikkje var meir en to-tre dagar, lukkast dette. Me fekk inn ei annonse i avisa om denne ekstrakvelden, men likevel var det få som hadde funne vegen til denne kvelden som vart ei sann oppleving for alle oss som var der. Meir song og songglede er det lenge sidan me hadde i Bondeungdomslaget.

I sommar var det så vitjing frå Tyskland. Denne gruppa som var her, er den same som var her for 6 år sidan. Dette vart godt dekkja av pressa, men likevel tek eg med her eit lite referat frå Tor M. Egeland.

Etter førespurnad frå Stavanger kommune har leikarringen i sumar vore vertskap for ei danse- og musikkgruppe frå Heidelberg i tyskland. Vitjinga varte frå laurdag 4. august til torsdag 9. august, og dei vart innlosjerte i laget si hytte ved Hafrsfjord.

Det var lagt opp eit godt program for vitjinga med mellom anna krabbefest, sightseeing på Jaren og i Stavanger, vitjing hjå ordføraren, lunsj på hotel Alstor, tur til Preikestolen og avslutning med fin bunadsfest. Ein planlagd fisketur på sundag måtte diverre utgå avdi vergudane tedde seg heilt umogleg.

Mange av dei ringmedlemene som hadde vore med då leikarringen var på vitjing i Tyskland, var møtt fram til dei ymse tilstelningane og var elles med å gjere eit særst godt arbeid ved dei ymse arrangementa. Tyskarane var særst musikkalske og spela fleire instrument. Best var dei likevel til å syngja. Dei song fleirstemmig så det var ei fryd å høyra på. Dei hadde framsyning med dans og song på Torget ein føremiddag. Dette vart godt dekkja av pressa. Elles var pressa tilstades ved kosekvelden på laurdagen, og eit stort bilete vart teke inn frå denne kvelden.

Ved avslutninga var det tydeleg at tyskarane hadde sett pris på det vertskapet dei hadde fått. Ringen og mange medlemmer fekk overrekt gåver, og me vart inviterte til Heidelberg på gjenvisitt, såvel enkeltmedlemmer som heile ringen. Så no er det berre å reisa.

Tor M. Egeland

EIT VARSKO TIL ALLE MEDLEMMER.

Som de ser av faldaren, og her idenne "avisa" så vil me freista så godt som råd å halda i gang lagsaktiviteten, og då ikkje berre dans. Dette krev likevel at alle medlemmer gjer sin innsats, og at styret slepp opptre som "barnepiker" for vaksne folk for å vera sikre på at ein ting som lagsmøta vert skikkeleg førebudde og avvikla. Lagsmøtet den 3. lo. vart såleis ein stor skuffelse. Det første eg fekk vite då eg kom heim, var at det måtte avlysast pga. at nemnda totalt hadde svikta. Ein av medlemene hadde og nermast sa'jelt ut styret for di vedkomande var sett opp i denne nemnda. Denne tendensen har og delvis vist seg tidlegare i sommar. I staden for at erfarne medlemmer stør opp under dei som sat att av styret i sommar, og som var heller urøynde, vart dei møtte med ei kald skulder. Slike ting er skuffande å få vite når ein kjem heim att etter ein sommar i utlegd. Eg er redd at dersom dette ikkje betrar seg i vinter, vil det by på alvorlege problem å få folk tål styra ved neste årsmøte. Dersom ikkje det lukkast, veit alle kva det vil seia. Me kan berre legge ned laget.

Audun Aarflot.

M E D L E M S N Y T T

Ja, det ser ikkje ut til at amor har teke sommarferie i år. Maken til skred av brudlaup og trulovingar skal me leita lenge etter. Heile 16 stykke har anten trulova seg eller gifta seg i sommar. Desse er:

Trulova: 24. 6. Else Brit Rosnes og Reidar Haugsnes.
 9. 7. Else Marie Lid og Leif Erik Rasmussen.
 1. 9. Mette Bjelland Larsen og Jorulf Øyen.
 Kristine Marie Bilstad og Jostein Sætevik.

Gifta: 2. 6. Berit Blikra og Tor Magne Egeland.
 2. 6. Ingunn og Trygve Molaug.
 9. 6. Bjørg Skjørestad og Oddvar Flatabø.
 Vigdis Svendsen og Erling Byrkja.

Skulle det vera nokon som me ikkje har fått med her, så bed me om å få bod om dette. Det same gjeld dei som fyller runde år.

N y e m e d l e m e r :

Jack E. Kristiansen, Stavanger	Liv Gunnvor Morterud, Stavanger
Inger Hilde Carlson, Stavanger	Tom Espeland, Bjerkreim
Else Jorun Høyland, Sola	Jakob Roaldkvam, Suldal
Tor Sandvik, Suldal	Terje Otnes, Selje
Torill Wixøe, Stavanger	Maria Haukås, Kvam
Jorulf Øyen, Bindal	Ruth Anne Moen, Skedsmo
Trond Sigurd Dalen, Stavanger	Gunnar Storegraven, Ullensvang
Brghild Hardang Dahlen, Notodden	Grethe Larsen, Stavanger

Så vil me atter minna om lagspengane. Det er framleis nokre som står til rest med desse. Dei det gjeld får vedlagt eit innbetalingskort. Me bed om at dette vert ordna snarast, elles vert dei strøkne som medlemmer.

F O T O T E V L I N G :

Me vil få minna om fototevlinga som me lyste ut til i vår, og tek her opp att tevlingsreglane:

Alle medlemmer av Bondeungdomslaget kan delta. Unnateke er dei som steller med tevlinga, og domarane.

Kvar deltakar kan levera inn tre bilete.

Motivet skal ha tilknytning til BUL ved å vise noko frå arbeidet eller føremålet vårt.

Biletet må ikkje merkast med fotografen sitt namn, men med eit stikkord. I ein attklistra konvolutt merka med same stikkord skal namnet lægge. Konvoluttet vert ikkje opna før døminga er avslutta.

Siste frist for innleveringa er 15. november til lagskontoret.

NULOTTERIET1973NULOTTERIET1973NULOTTERIET1973NULOTTERIET1973

NU-LOTTERIET 1973

M E D L E M E R

Sel lodd! Me har enno mange att på lager. Som de veit frå før, så har laget 40% av salet. Dette er ei inntekt me ikkje må miste. Me har ikkje returrett på lodda i år, så uselde lodd må laget kjøpe, men dette vert vel ikkje aktuelt? I alle fall vil det ikkje bli slik dersom alle medlemene sel sin del. Skriv eller ring NO til lotteriformannen Magne Nilsen, eller til styret, og ting lodd.

Eg tingar med dette:

- lodd à kr. 2,- bet. pr. post/sjekk/oppkrav
- loddbøker à 25 lodd for vidaresal.

Namn:.....tlf.....

Adresse:.....
(skriv tydeleg)

Fyll ut og send til Magne Nilsen, Sandvikvegen 33,
4000 Stavanger, eller til lagsstyret.

NULOTTERIET1973NULOTTERIET1973NULOTTERIET1973NULOTTERIET1973

